

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG 1985

AKTIVITETEN I LAGET

Aktiviteten i laget har ikkje vore så stor som ynskjeleg. Truleg må noko av dette tilskrivast at laget meir eller mindre låg nede eit par års tid. Dette er trist, ikkje minst fordi vi ikkje har fått utdanna instruktørar i samband med innføringa av obligatorisk jegerprøve frå 1.04.1986. Dette er viktige ting som vi må prøve å gjere noko med i tida framover, sjølv om det ikkje lenger er særleg gode utsikter å få økonomisk stønad til dette arbeidet.

Medlemstalet er omlag 65, det same som i fjor. Dette tek vi som teikn på at laget slik det fungerer no ikkje verkar særleg tiltrekkande på folk. Det har vore innkalla til 5 styremøte i perioden. Til to av desse møta møtte det ikkje fram nok styremedlemer til at styret var vedtaksføre! Dette gjer at arbeidet lett stoppar heilt opp. Her må vi skjerpe oss mykje!

Av aktuelle saker gjennom året, kan det nemnast at fiskekonkurransen på Fjærlandsete vart gjennomført som vanleg. Frå resultatata derifrå, kan vi trekke fram at Jan Tore Fedje fekk premien for størst fisk, 685 gram, medan Ivar Ness fekk flugepokalen for ein fisk på 450 gram. Desse to delte og premien for flest fiskar, 21 på kvar. Vi får tru at premieutdelinga føregjekk under stor fagnad frå dei andre 22 deltakarane.

I haust sette tre medlemer av laget ut 5000 lakseyngel i Henjaelva. Vi fekk i dette arbeidet god hjelp frå tre som ikkje er medlemer i laget. Yngelen fekk vi av laksestyret. Det var og planlagt ei utsetjing av aure i nokre fjellvatn, men dette måtte avlysast på grunn av sjukdom.

Laget har søkt kommunen om ei klårgjering av avtalen om bruk av Trastadalshytta. Denne saka skal truleg handsamast i teknisk styre i næraste framtid. Etter det vi skjønar, er denne hytta utbetra i samband med kommunen sitt arbeid på demninga. Dersom vi kunne få ei skikkeleg avtale, burde dette vera eit godt tilbud for dei som vil overnatte i fjellet.

Det vart i sommar sendt ut eit rundskriv til samtlege medlemmer. Dette er ei kontaktform styret vonar kan nyttast ved seinare høve og, sjølv om vi ikkje fekk den responsen vi vona på. Vi har ikkje fått inn ein einaste reaksjon. Truleg er alle heilt samde i alt vi gjer.

Økonomien er rimeleg god då det ikkje er gjort større investeringar. Vi har fått 1000 kroner i gåve frå Leikanger Sparebank.

FRAMTIDSPLANAR

Det er for lite fellesaktivitetar for lagsmedlemmene. Vi vurderer difor om det skal kjøpast inn ein ny leirduekastar til bana på Kleppa. Dette må til dersom det skal kunne gjennomførast konkurransar. Likeeins vurderer vi å prøve og arrangere familienatursti på Kleppa på forsommaren. Vi vonar og at vi skal få gjennomført eit stangbyggarkurs før fiskesesongen tek til for alvor dersom interessa er stor nok.

STYRET I LAGET

Formann Sven Erik Vestby
Nestformann Bjørn Fjøsne
Kasserar Per Hauge
Sekretær Aa. Aasen
Styremedlem Jon Skårhaug
Varamann Bjørn Hagen

Jaktutval Per T. Stadheim (f.m.), Per Røysum, Kolbjørn Nord, Leif Frækaland (vara)

Fiskeutval Svein Inge Moum (f.m.), Agnar Gåserud, Nils T. Henjum, Knut Haukeland (vara)

Valnemnd Kjell Optun, Arthur Røysum, Audun Liljedal

Revisorar vart etter det vi kan sjå ikkje valgt i fjor.

UTDRAG FRÅ ÅRSREKNESKAPEN 1985

AKTIVA PR. 1.03.1986

KASSE KR. 66,-
BANK KR. 10117,99
 KR. 10183,99

<u>DIVERSE</u>	<u>UTGIFTER</u>	<u>INNTEKTER</u>
MEDLEMSKONTO	KR. :	1240,-
LEIRDUEBANE	KR. : 470,-	
DIV. (RENTE + GÅVE)	KR. : 1264,-	1661,-
	KR. 1734.38	2901,-

Per Hauge
(sign.)



**LEIKANGER
JAKT- OG FISKELAG**

STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

1985

Formann	B Sven Erik Vestby
Nestformann	A Bjørn Fjøsne
Kasserar	B Per Hauge
Sekretær	A Aa. Aasen
Styremedlem	A Jon Skårhaug
Varamann	A Bjørn Hagen
Formann i jaktutvalet	A Per Trygve Stadheim
	B Per Røysum
	A Kolbjørn Nord
Varamann	A Leif Frekaland
Formann i fiskeutvalet	B Svein Inge Moum
	A Agnar Gåserud
	B Nils T. Henjum
Varamann	A Knut Haukeland
Valnemnd	A Kjell Optun
	B Arthur Røysum
	B Audun Liljedal

B: På val

A: Ikkje på val